



FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENTET

Fiskarane sine ordningar no og i framtida

*Statssekretær Vidar Ulriksen
Fiskerikonferanse Norsk Sjømannsforbund
17. april 2008*


Tema i innlegg

- Berekraftig, langsiktig og heilskapleg forvaltning av marine ressursar
 - ✓ Klimautfordringar
 - ✓ Sjøtransport/sjøsikkerheit
 - ✓ Fiskeripolitikken
- Rekruttering til fiskeflåten
- Fiskarane sine vilkår
 - ✓ Produktavgifta og garantilott
 - ✓ Pensjonstrygda for sjømenn og fiskarar
 - ✓ Fiskarfrådrag



Klimautfordringane

- Klimaendringane er ei av dei største utfordringane vi står overfor dei nærmaste tiåra
- Regjeringa har ambisiøse mål i klimameldinga
- Klimaendringar vil få konsekvensar for fiskerinæringa – næringa må tilpasse seg
- Næringa kan redusere utslepp frå sin aktivitet gjennom:
 - ✓ Tiltak til energieffektivisering
 - ✓ Endring til miljøvennlege driftsformer




Sjøtransport og sjøsikkerheit

- Regjeringa skal leggje til rette for effektiv og sikker transport på sjøen – hamne- og farvasslova eit viktig bidrag
- Regjeringa skal gjere ei samla vurdering av alle gebyr og avgifter innan sjøtransporten for å sjå om sjøtransporten har same konkurransevilkår som landtransporten – vert følgt opp i Nasjonal Transportplan
- Eit bidrag i arbeidet med å redusere klimautslepp
- Oljevernberedskap



Den overordna fiskeripolitikken

- Ny havressurslov
 - ✓ Formålet er å sikre ei berekraftig og samfunnsøkonomisk lønnsam ressursforvaltning
 - ✓ Lova gjeld for hausting av alle viltlevande ressursar, også genressursane
 - ✓ Ei næringslov og miljølov – stadfestar at ressursane tilhøyrer fellesskapet i Noreg
 - ✓ Forvaltningsprinsippet – fiske tillete inntil det vert regulert, men myndigheitene har strengare plikt til å "følgje med" og regulere enn tidlegare
- Strukturpolitikk
 - ✓ St.meld nr. 21 (2006-2007) – legg til rette for kapasitetstilpassing og lønnsnemnd i fiskeflåten
- Ulovleg fiske
 - ✓ Regjeringa legg mykje arbeid i å få slutt på UUU-fisket – oppløftande resultat sikrar eit berekraftig uttak av ressursane



Rekruttering og rammevilkår

- Overorna rammevilkår:
 - ✓ Strukturverkemidlar – næringa må kunne tilby gode lønns- og arbeidsvilkår
 - ✓ Berekraftig hausting av ressursar – sikre robuste bestandar for framtidige generasjonar
 - ✓ Stabilitet i ressursfordelinga
- Pågåande prosessar:
 - ✓ Regjeringa har sett i gang eit arbeid med å analysere korleis næringas rammevilkår påverkar konkurransen om arbeidskrafta
 - ✓ Etablering som fartøyeigar – forslag frå departementet vil snart sendast på høyring
 - ✓ Kompetanseoppbygging og utdanning – det er oppretta eit "prosjekt rekruttering" for å auke rekrutteringa til marin sektor



Prosjekt for auka rekruttering til marin sektor

- Tildelt 3,6 millionar kroner til eit prosjekt over 3 år – Fiskeri- og havbruksnæringas forskingsfond skal forvalte prosjektet
- Prosjektgruppa skal organisere og koordinere det overordna og nasjonale rekrutteringsarbeidet
- Ei styringsgruppe med deltaking frå sentrale organisasjonar skal bidra til å utforme strategi og handlingsplanar og sørge for at arbeidet i prosjektet har god framdrift
- Årleg rapportering om resultata til Fiskeri- og kystdepartementet



Fiskarane sine vilkår

- Produktavgifta på all førstehandsomsetning dekkjer følgjande ytingar:
 - ✓ Yrkesskadetrygd
 - ✓ Forskjell mellom høg og mellomsats for trygdeavgifta
 - ✓ Stønad ved arbeidsløyse
 - ✓ Sjukepengeordningar
 - ✓ Arbeidsgivaravgift på hyre
- Garantilott – tidlegare ein del av fiskeriavtalen, frå 2005 ein del av avsetning over statsbudsjettet
- Regjeringa vil ikkje ta initiativ til å reformere desse ordningane



Pensjonstrygda for sjømenn og fiskarar

- Pliktige lovfesta tidlegpensjonsordningar for aldersgruppa 60 til 67 år – rett til alderspensjon frå folketrygda frå fylte 67 år
 - ✓ For sjømenn lovfesta frå 1948
 - ✓ For fiskarar lovfesta frå 1957
- Brei semje om ordningane – spesielle arbeidsvilkår og skiftande arbeidsforhold
- Pensjonane vert avkorta mot uføreytingar, attføringspengar, rehabiliteringspengar og avtalefesta pensjon
- Vanlegvis krav om 150 fartsmånader for rett til sjømannspensjon. Full pensjon vert gitt ved 360 månaders oppteningstid (218 876 kroner for overordna og 156 341 – 182 801 kroner for underordna)
- Minste oppteningstid for fiskarpensjon er 750 veker. Det vert gitt full pensjon ved 1560 veker (106 900 kroner per mai 2007)



Pensjonstrygda for sjømenn og fiskarar forts.

- Sjømannspensjon vert finansiert gjennom avgift på arbeidstakarar og reiarlag, avkastning frå trygdas grunnfond og tilskot frå staten
- Fiskarpensjon vert finansiert gjennom medlemspremie og avgift på omsetninga av fisk – i tillegg vesentlege bidrag frå eit likviditetsfond
- Begge ordningane er garanterte av staten
- Regjeringa vil gjennom pensjonsreforma tilpasse tidlegpensjonsordningane for sjømenn og fiskarar til ein ny fleksibel alderspensjon i folketrygda



Fiskarfrådrag

- Fiskarar som har delteke i fiske eller fangst i minst 130 dagar i inntektsåret har krav på eit særskilt frådrag på 30 prosent av netto arbeidsinntekt frå fiske og fangst. Frådraget er i dag avgrensa til 80 000 kr (frå 2003)
- Sjøfolk har tilsvarande frådragsordning av inntekta
- Ei skattesak for den enkelte tilsette
- Analysen av rammevilkåra i fiskeflåten kan gi grunnlag for å vurdere fiskarfrådraget eller andre tiltak i fall konkurransen med andre næringar er skeiv



Regjeringa vil halde fram med å arbeide for:

- Ei berekraftig og lønnsam næring
- Gode og stabile rammevilkår i næringa
- Kompetanseoppbygging



Næringa må sjølv:

- Bidra til å skape eit positivt bilde av det å vere fiskar og mannskap på fiskefartøy
- Satse på rekrutteringsarbeid, samarbeid mellom opplæringskontora – lærlingeplassar
- Leggje til rette for eit godt arbeidsmiljø og gode arbeidsvilkår om bord på fartøya

